

Utslepp på 30 meters djup ved Børnes

16.07.2008

Kystverket har gjeve løyve til utleggjing av rørleidning ved Børnes i samband med saneringa av avløp. Leidningen vil vera 60 meter lang og gå ut til 30 meters djup.

Utifrå tilgjengelege data over kystsonen i Hordaland ser det ikkje ut til at tiltaket kjem i konflikt med fiskeriinteresser, skriv Kystverket.

Kystverkets behandling skal også ivareta sikker og effektiv sjøtransport.

Utifrå søknad og vedlagte teikningar kan ikkje Kystverket sjå at tiltaket vil vera til hinder for ålmenn sjøverts ferdsle.